



LINDÅS KOMMUNE
Felles postmottak Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Dato: 28.02.2017
Vår ref.: 2015/11349-38
Saksbehandlar: biraase
Dykkar ref.:

Forslag til temaplan "Likeverd i Hordaland" - høyring

Fylkesutvalet vedtok 23. februar 2017 høyringsutkast til temaplan «Likeverd i Hordaland fylkeskommune». Planen vert no send ut på høyring.

Innhald

Temaplan «Likeverd i Hordaland fylkeskommune» er ein overordna plan som skal gi retning for tilsette og tenesteyting i Hordaland fylkeskommune.

Det blir i planen foreslått fire hovudmål, med underliggande strategiar, som omfattar hovudutfordringar i planen. Dei fire hovudmåla er:

- Hordaland fylkeskommune skal ha eit likeverdsperspektiv i all tenesteyting
- Hordaland fylkeskommune skal legge til rette for fleire gode leveår for alle
- Hordaland fylkeskommune skal ha nulltoleranse for mobbing
- I Hordaland fylkeskommune skal alle bli møtte med respekt, og mangfald blir sett på som ein ressurs.

Høyring og informasjon

Fylkeskommunen ynskjer no synspunkt på innhaldet i planen. Resultatet av høyringa vil bli vurdert og lagt fram for den politiske prosessen fram mot slutthandsaminga i fylkestinget i juni 2017.

Svar skal sendast elektronisk via denne lenka: www.hordaland.no/likeverd.

Spørsmål kan rettast til prosjektleiar Birte Markeseth Aasen, tlf 918 40 902 eller birte.markeseth.aasen@hfk.no.

Høyringsfristen er sett til **7.april 2017**.

Med venleg helsing

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen
fylkesdirektør økonomi og organisasjon

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.